



**Også båtentusiaster i Uskedalen bør melde seg på til båtførarkurset på Husnes denne hausten. Det meiner Jan Welde i Baatskulen POSEIDON som har inngått avtale med KVV-kompetanse om å halda kurs i to helgar, nærare bestemt 24. og 25. oktober og 7. og 8. november.**

- Båtførarkurs er ekstra aktuelt denne vinteren ettersom det allereie frå 1. mai 2010 kjem krav om båtførarbevis for å føra båtar over 8 meter eller meir enn 25 HK. Dei som er fødte før 1. januar 1980 har rett nok ein dispensasjon førebels, men det vil truleg endre seg nokså snart, meiner Welde.

Kurset er ope for alle og Welde viser til heimesida si som ein finn på [www.baatskolen.no](http://www.baatskolen.no)

Opplysningar om dette kurset finn ein og på [www.kvvetanse.no/kurs/](http://www.kvvetanse.no/kurs/)  
Det er eit tak på 40 deltakarar.